

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2016

Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen
Drift og vedlikehald av fylkesvegane

# INNHALD

**Føreord** ........ **2**
**Total produksjon i 2016** ........ **4**
**Mål og strategiar** ........ **5**
Merkedagar i 2016 ........ 6
Vår ........ 6
Haust ........ 6
**Resultat frå året som gjekk** ........ **7**
Store, strekningsvise prosjekt ........ 7
Stord vestside ........ 8
Kvammapakken ........ 9
Bømlopakken ........ 11
Askøypakken ........ 12
Andre strekningsvise prosjekt ........ 13
Rassikring ........ 13
Bjørgatunellen ........ 13
Furebergfossen ........ 13
**Programområde** ........ **14**
Kollektivtiltak ........ 14
Trafikksikringstiltak ........ 15
Punktutbetring og trygge skulevegar ........ 15
Gang- og sykkeltiltak ........ 15
Miljøtiltak ........ 16
Mindre utbetringar ........ 16
**Standardhevingstiltak** ........ **17**
Bruer og ferjekaiar ........ 17
Tunellar ........ 17
Murar og kantar ........ 17
**Prosjekt under planlegging** ........ **18**
**Drift og vedlikehald av fylkesvegane** ........ **20**
Driftskontraktar i Hordaland ........ 21
**Årsoppgjeret** ........ **24**
**Vedlegg** ........ **25**

# FØREORD

Fylkesvegnettet strekkjer seg over nær 2944 km veg og 210 km gang- og sykkelveg, og varierer mykje i standard og årsdøgnstrafikk (ÅDT). Utfordringane i indre del av fylket er ofte knytt til ras- og flomfare, vinterdrift, og å sikre tenlege transportårer mellom dei ulike region-sentra. I kommunane langs kystlinja er det særleg mykje trafikk, og her har ein eit spesielt fokus på god trafikkflyt og framkomst for alle typar trafikantar.

Dette gjeld ikkje minst i Bergensområdet, der Bergen og kommunane rundt deler eit felles bu- og arbeids-område. For investeringar på fylkesvegnettet i Bergen, jf Bergensprogrammet, er det utarbeidd ei eiga årsmelding.

Hordaland fylkeskommune sin Regional transportplan Hordaland (RTP) er gjeldande for perioden 2013–2024, og har tilhøyrande handlingsprogram for 2015–2017. Desse dokumenta legg rammene for det som skjer på fylkesvegnettet i Hordaland, og er såleis fylkeskommu-nen sin gjennomføringsplan for perioden. I dei årlege plan- og byggeprogramma vert detaljane for investe-ringsbudsjettet sett. Plan- og byggeprogram for fylkes-vegnettet i Hordaland (utanom Bergen) vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2015, og hadde ei totalramme på 1,2 mrd. kr., der den fylkeskommunale løyvinga var på 786 mill. kr. I tillegg vart det vedteke ei løyving på 31,1 mill. kr til punkutbetring og trygge skulevegar. Bud-sjettet for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vart også vedteke av fylkestinget 9. desember 2015, og var på 485 mill. kr. Dette budsjettet gjeld heile fylkesveg-nettet inkludert i Bergen kommune.

Rekneskapet viser at det vart eit mindreforbruk på investeringar utanom Bergen på 68,1 mill. kr, medan det var eit meirforbruk på drift og vedlikehald på vel 9,8 mill. kr.

I 2016 mista sju personar livet på vegane i vårt fylke. Dette er eit låg tal samanlikna med tidlegare år, men det er likevel sju for mange. Av dei sju som omkom, var det to på fylkesvegnettet. Også i 2015 mista sju personar livet i trafikkulykker i Hordaland. Dette er det lågaste talet registrert i Hordalandstrafikken sidan 1968, –som er det første året med påliteleg statistikk med trafikkdrepne fordelt på fylke. Trafikkulukkessta-tistikken viser at særleg utforkøyrings- og møteulukker dominerer i Hordaland utanom Bergen, og innsatsen for desse ulykkestypane bør aukast.

Denne årsmeldinga er delt i to, der fyrste del er ein om-tale av planlagde og gjennomførte prosjekt på fylkesve-gane utanom Bergen i 2016. Desse investeringstiltaka omhandlar alt frå etablering av nye venteskur, bygging av gang- og sykkelvegar, til store tunellprosjekt. Totalt omfattar dette 2591 km fylkesveg. Den andre delen av årsmeldinga gjeld drift og vedlikehald av alle fylkesve-gane i Hordaland. I denne omtalen er dei 353 km med fylkesveg i Bergen kommune inkludert.

Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkes-vegnettet, og med det har også Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I nokre få høve er det andre, gjerne kommunane, som er byggherre på investeringsprosjek-ta. Statens vegvesen godkjenner at anlegg er i tråd med forskrifter og regelverk før dei overtek vegen. Utarbei-dinga av denne årsmeldinga har skjedd i nært samar-beid med Statens vegvesen.

Planprogrammet for Regional transportplan Hordaland 2018–2029 (RTP) vart vedteke i januar 2016. I desember 2016 vart Strategi for drift og vedlikehald for fylkesveg-nettet i Hordaland fram mot 2029 vedteke.



Rune Haugsdal
fylkesrådmann i Hordaland fylkesommune

# Total produksjon i 2016

Fylkestinget i Hordaland vedtok i desember 2015 ei ramme på 1,267 mrd. kr til investeringstiltak i Plan- og byggjeprogrammet 2016 for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen), der den fylkeskommunale løyvinga var på 786 mill. kr. I tillegg vart det sett av 31,3 mill. kr til punktutbetring og trygge skulevegar. Det vart sett av 415,5 mill. kr til drift og 70,3 mill. kr vedlikehald i årsbudsjettet for 2016, dette gjeld heile Hordaland. Midlane til drift og vedlikehald inkluderer 5,2 mill. kr til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

Rekneskapet viser eit totalt forbruk på 989,7 mill. kr til investeringstiltak på fylkesvegnettet utanom Bergen. Dei seinare åra er det etablert fleire og fleire bompengepakkar, og mange av investeringane på fylkesvegnettet er med det delvis finansiert med bompengar. I 2016 omfatta dette totalt 267,8 mill. kr av investeringane utanom Bergen. Det vart nytta 495,7 mill. kr til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i heile Hordaland, noko som er eit meirforbruk på 9,8 mill. kr i høve til budsjettet.

## Budsjettvedtak 9.12.2015:

- Investeringsbudsjett
  **1,267 mrd kr.**
  Fylkeskommunal løyving
  817,3 mill kr.
- Drift og vedlikehald
  **485,9 mill kr.**




Diagrammet viser fordelinga av midlar brukt på fylkesvegane i Hordaland.




Diagrammet viser investering på fylkesvegnettet i Hordaland utanom Bergen og Drift og vedlikehald på fylkesvegnettet 2011–2016 (i mill. kr)

# Mål og strategiar

## Regionale mål for transportfeltet i Hordaland

- Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar.
- Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål, og effektiv transport for brukarane.
- I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader.
- Transporttilbodet skal bidra til å betre trafikktryggleik og å redusera risikonivå, med særleg vekt på skredsikring.
- Transporttilbodet skal bidra til å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål.
- Transporttilbodet skal bidra til å sikre tilgjenge for alle (universell utforming).

**Prioriteringar i handlingsplan, perioden 2013–2017**

- Markert styrking av tiltak for å ta vare på det eksisterande vegnettet.
- Gjennomføring av allereie prioriterte prosjekt.

Hovudmålet for trafikksikringsarbeidet i Hordaland er sett i samsvar med det nasjonale målet. Målet er at talet på personar drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024. Dette inneber samtidig at målet for 2017 vert ein reduksjon i tal drepne og hardt skadde frå 85 til 68 personar.

Nullvisjonen – om eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde ligg fast. Sjølv om det er ein relativt stor nedgang i tal drepne og hardt skadde på vegane i Hordaland sidan 2000, har fylket utfordringar når det gjeld å få ned ulukkestala. I Hordaland utanom Bergen er det absolutt størst utfordringar knytt til utforkøyrings- og møteulykker. Talet på drepne i trafikken på vegane i Hordaland i 2016 var sju personar, og av desse omkom to personar på fylkesvegnettet. Totalt var det 32 drepne og hardt skadde på fylkesvegnettet i Hordaland i 2016.

Det er formulert klare ambisjonar i både NTP og RTP om at veksten i persontransport i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Når det gjeld tal for kollektivtrafikken så viser passasjerstatistikken for 2016 at talet på kollektivreisande i Hordaland framleis er i vekst. I 2016 var det 56,4 mill. påstigande på buss, bybane og båt i Hordaland, noko som gjev ein trafikkvekst på 4 prosent. Totalt var det 7,17 mill. påstigande i Hordaland utanom Bergen. I driftskontraktane utanom Bergensområdet utgjer skulereiser i gjennomsnitt om lag halvparten av alle kollektivreiser.

Målkurve for Hordaland 2014–2024



# Merkedagar i 2016

## VÅR

**20. januar**
Vaksdal kommune vert godkjent som fyrste Trafikksikre kommune i Hordaland.



**29. januar**
Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018–2029.




**29. januar**
Fylkesutvalet vedtek konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod.

**08. mars**
Fylkestinget vedtek fordeling av 31,3 mill. kr til Punktutbetring og trygge skulevegar.

**03. mai**
Ny Sagvåg bru opna.



**15. juni**
Vegdirektoratet gjev Hordaland fylkeskommune utsett frist til innan 2025 for å oppgradere tunellane etter Tunnelsikkerhetsforskriften.

## HAUST

**27. september**
Hordaland fylkeskommune og KS arrangerer nasjonal konferanse om vegstandard ved bygging av ny veg.

**16. november**
Opning av Bjørgatunellen Fv 7, i Granvin.



**23. november**
Dale barne- og ungdomsskule vert tildelt Trafikksikringsprisen for 2016.



**23. november**
Hordaland fylkeskommune vinn Zero sin pris for Årets lokale klimatiltak, for miljøkrav i nye ferjekontraktar.

**05. desember**
Opning av Venjaneset–Strandvik, Fv 122, i Fusa.

**14. desember**
Fylkestinget vedtek budsjetta for 2017.

**14. desember**
Fylkestinget vedtek Strategi for drift og vedlikehald for fylkesvegnettet fram mot 2029.



# Resultat frå året som gjekk

## STORE, STREKNINGSVISE PROSJEKT

I fylkesvegbudsjettet var det sett av 234,7 mill. kr fylkeskommunale kroner til store strekningsvise prosjekt på fylkesvegnettet utanom Bergen. I tillegg kjem bompengar, tilskot og forskot, som totalt gav 523,4 mill. kr til disposisjon. Rekneskapen viser eit totalforbruk på 482 mill. kr.

### Strekningvise prosjekt 2016




| Nr | Fv. nr | Prosjekt | Kommune |
|---|---|---|---|
| 1 | 48 | Tyssetunnelen | Samnanger |
| 2 | 545 | Stord vestside | Stord/Fitjar |
| 3 | 7 og 49 | Kvammapakken | Kvam |
| 4 | 541/542/19 | Bømlopakken | Bømlo |
| 5 | | Askøypakken | Askøy |

Tabellen held fram på neste side

| Nr | Fv. nr | Prosjekt | Kommune |
|---|---|---|---|
| 6 | 6 | Haugalandspakken | Sveio |
| 7 | 567 | Hosanger sentrum | Osterøy |
| 8 | 209 | Storskaret–Arefjord | Fjell |
| 9 | 158 | Grindavoll–Lepsøy | Os |
| 10 | 122 | Venjaneset–Strandvik | Fusa |
| 11 | | Kollektivterminal, Voss | Voss |
| 12 | 546 | Austevollbrua | Austevoll |
| 13 | 562 | Askøybrua, gjerde | Askøy |
| 14 | | Åsen–Helleskaret | Os |

## Stord vestside

Totalt 135 mill. kr

2016 10,8 mill. kr

Føremålet med denne bompengepakken er å utbetre Fv 545 mellom Fitjar og Sagvåg. Prosjektet inneber opprusting av veg og bygging av gang- og sykkelveg frå Fitjar sentrum til Vik, utbetringar ved kommunegrensa, ny bru i Sagvåg og utbetringstiltak i Sagvåg sentrum.

Innkrevjinga av bompengar fann stad i åra 2013–2016, og det vart totalt kravd inn nær 94 mill. kr (netto). I tillegg kjem fylkeskommunal løyving og forskottering på 17,5 mill. kr, samt meirverdiavgift. Heile prosjektet har med det ei ramme på vel 135 mill. kr i løpande kroner.

Vegutbetringa langs Fitjar–Rimbareid er ferdigstilt, og ny Sagvåg bru opna i 2016. I 2016 vart også arbeid på Rimbareid–Vik lyst ut. Reguleringsplan for prosjektet kalla «Kommunegrensa» er under arbeid, og er venta godkjent i 2017. Reguleringsplan for Fitjar sentrum vart ferdig i 2016, og prosjektering er starta opp. Planen inkluderer restarbeid som stod att etter at strekninga Fitjar–Rimbareid vart bygd. I 2016 arbeidde prosjektet med å avklare kva som kan byggast i Sagvåg sentrum. Det er venta at kontaktutvalet



Ny Sagvåg bru – før og etter




Kart over prosjekta i Stord vestside

Status i prosjekta i Stord vestside

| Nr. | Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2016 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 545 | Fitjar sentrum–Rimbareid | Vegutbetring, GS | Ferdig |
| 2 | 545 | Sagvåg bru | Ny bru | Ferdig |
| 3 | 545 | Kommunegrensa | Vegutbetring, GS | Regulering pågår |
| 4 | 545 | Rimbareid–Vik | Vegutbetring, GS | Lyst ut |
| | 545 | Restarbeid Fitjar sentrum | Vegutbetring | Prosjektering |
| | 545 | Sagvåg sentrum (Snikkarsvingen) | Rundkøyring | Prosjektering |

Innkrevde bompengar per 2016

| Stord vestside (bruttoinntekter før innkrevingskostnader) | mill kr |
|---|---|
| Innkrevde bompengar per 2013 | 23,9 |
| Innkrevde bompengar 2014 | 25,6 |
| Innkrevde bompengar 2015 | 22,7 |
| Innkrevde bompengar 2016 | 23,3 |
| Totalt innkrevde bompengar per 2016 | 95,5 |

## Kvammapakken

Totalt 440 mill. kr

2016 60,5 mill. kr

Føremålet med bompengepakken er å utbetre og sikre delar av vegnettet i Kvam herad. Kvammapakken omfattar ni delprosjekt og tiltak på Fv 7 og Fv 49, og er finansiert med fylkeskommunale midlar og bompengar. Bompengepakken omfattar mellom anna opprusting av veg og gang- og sykkelveg mellom Øystese og Norheimsund, og mellom Norheimsund og Vikøy. Det vert med dette etablert gode gang- og sykkelløysingar heilt frå Børvenestunnelen til Vikøy, samstundes som framkome for biltrafikken er betra.

I 2016 vart det arbeid på strekninga Nes–Norheimsund. Siste del av strekninga vart lyst på slutten av året, og arbeidet er venta ferdig sommaren 2017. Mindre arbeid på strekninga mellom Skarpasvingen og Øystese ved Stronde vart ferdigstilt i 2016. Vidare arbeid må vurderast i høve til tilgjengelege midlar. Det vert ikkje starta nye prosjekt utan at resterande finansiering er avklart.





Kart over prosjekta i Kvammapakken

## Status i prosjekta i Kvammapakken

| Nr. | Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2016 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 7 | Øystese–Nes (Børvenestunnelen) | Tunnel, rundkøyring, ny veg | Ferdig |
| 2 | 49 | Vikøy–Norheimsund | Vegutbetring, GS | Ferdig |
| 3 | 7 | Bosstippen | Vegutbetring, rassikring | Regulert |
| 4 | 7 | Steinestøberget | Vegutbetring, rassikring | Behov for ny reguleringsplan |
| 5 | 7 | Skarpasvingen–Øystese aust | Vegutbetring, fortau, tunnel | Delvis bygd |
| 6 | 7 | Nes–Norheimsund | Vegutbetring, GS | Under bygging |
| 7 | 49 | Lingaparsellen | Vegutbetring, busslommer | Ferdig |
| 8 | 7 | Kryss Granvin | Kollektivtiltak, informasjonsplass | Delvis ferdig |
| 9 | 7 | Kvamskogen | Vegutbetring, GS | Regulert |

## Innkrevde bompengar per 2016

| Kvammapakken (brutto før innkrevingskostn.) | mill kr |
|---|---|
| Innkrevde bompengar 2011 | 29,2 |
| Innkrevde bompengar 2012 | 27 |
| Innkrevde bompengar 2013 | 27,2 |
| Innkrevde bompengar 2014 | 29,9 |
| Innkrevde bompengar 2015 | 29,4 |
| Venta innkrevde bompengar 2016 | 31,2 |
| Totalt innkrevde bompengar per 2016 | 173,9 |



# Bømlopakken

Totalt 1003 mill. kr

2016 303,6 mill. kr

Føremålet med bompengepakken er å gje betre framkomst og eit meir trafikksikkert vegnett på Bømlo. Dette er ein stor bompengepakke med mange ulike prosjekt. Dei fleste prosjekta er på Fv 541 og Fv 542. Kostnadsramma i St.prp. for Bømlopakken var på 1003 mill. 2009-kr. Bompengepakken er finansiert av fylkeskommunen, bompengar og lokale og kommunale tilskot.

Det største prosjektet i Bømlopakken er Fv 542 Stokkabekken–Siggjarvåg, der det skal byggast 8 km ny veg, med langsgåande gang- og sykkelveg. På strekninga vert det tre store kryss og seks busslommer. Det vert bygd planskilt kryss ved Stokkabekken. I tillegg skal det byggast venterom og terminal for kollektivtrafikk. Kostnadsestimatet er på 442 mill. kr inkludert meirverdigavgift og byggherrekostnader. Arbeidet i dette prosjektet er starta opp. Det er eit mindreforbruk i Bømlopakken i 2016 med bakgrunn i forsinka framdrift.




## Innkrevde bompengar per 2016

| Bømlopakken (brutto før innkrevingskostn.) | mill kr |
|---|---|
| Innkrevde bompengar 2013 | 34,4 |
| Innkrevde bompengar 2014 | 49,8 |
| Innkrevde bompengar 2015 | 47,9 |
| Venta innkrevde bompengar 2016 | 56,6 |
| Totalt innkrevde bompengar per 2016 | 188,7 |

## Status i prosjekta i Bømloakken

| Nr. | Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2016 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 541 | Stokkabekken_Rubbestadneset | Ny veg, GS, tunnel, bru, underganger | Ferdig |
| 2 | 542 | Svortland–Økland | Vegutbetring, ny veg, GS | Ferdig |
| 3 | 542 | Stokkabekken–Siggjarvåg | Ny veg, toplankryss | Under bygging, venta ferdig 2017 |
| 4 | 542 | Røyksund–Eikeland (sør) | Vegutbetring, GS, bru | Ferdig |
| 5 | 542 | Røyksund–Eikeland (nord) | Vegutbetring, GS og bru | |
| 6 | 18 | UransvågBrandasund (klubbo) | Vegutbetring, fortau | Ferdig |
| 7 | 541 | Hestaneset–Tjong | Vegutbetring, ny veg, bru | Ferdig |
| 8 | 541 | Tjong–Løvegapet | Vegutbetring, GS | Under bygging |
| 9 | 19 | Rubbestadneset–Rolfsnes | Vegutbetring, møteplassar | Agakrysset–Rolfsnes under bygging |
| 10 | 541 | Sakseid–Hestaneset | Vegutbetring, GS, tunnel | Reguleringsplan |
| 11 | 541 | Ekornsæter–Sakseid | Vegutbetring, GS, tunnel | |
| 12 | 12 | Sakseid–Grønnevik | Vegutbetring, møteplassar | Ikkje starta |
| 13 | 542 | Notland–Mosterhamn | Vegutbetring, GS | Avventar avklaring kommunen |
| 14 | 23 | Tormodsæter-Gilje | Vegutbetring, møteplassar | Ikkje starta |

# Askøypakken

Totalt 1300 mill. kr

2016 34,2 mill. kr




Føremålet med denne bompengepakken er å gje betre tra fikkflyt og eit meir trafikksikkert vegnett på Askøy. Askøypakken er ein stor og omfattande pakke med mange ulike prosjekt. Kostnadsramma i St.prp. for Askøypakken var på 1300 mill kr 2012-kr. Fylkeskommunens bidrag i pakken er på 200 mill. kr utan å rekne med meirverdiavgifta.

Hovudaktivitetane i Askøypakken i 2016 var grunnerverv, planlegging og prosjektering. Prosjektet Lindhaugen–Slettebrekka vart lyst ut og arbeidet kom i gang hausten 2016. Det er eit mindreforbruk i Askøypakken i 2016 med bakgrunn i forsinka framdrift.

## Innkrevde bompengar per 2016

| Askøypakken (brutto før innkrevingskostn.) | mill kr |
|---|---|
| Innkrevde bompengar 2015 | 91 |
| Venta innkrevde bompengar 2016 | 84,8 |
| Totalt innkrevde bompengar per 2016 | 175,8 |

## Status i prosjekta i Askøypwakken

| Nr. | Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2016 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 563 | Florvåg–Erdal (Bakarvågen) | Vegutbetring, fortau | Ferdig |
| 2 | 563 | Strømsnes–Hop | Vegutbetring, fortau | Prosjektering pågår, mindre reg.endring |
| 3 | 212 | Lindhaugen–Slettebrekka | Vegutbetring, fortau | Bygging pågår |
| 4 | 212 | Slettebrekka–Hetlevik | Ny veg, tunnel | Prosjektering |
| 5 | 562 | Lavik–Haugland | Vegutbetring, fortau | Reguleringsplan, venta godkjenning 2017 |
| 6 | 213 | Skiftesvik–Marikoven | Vegutbetring, fortau | Behov for reg. endring |
| 7 | 562 | Strusshamnkrysset | Rundkøyring | Ferdig |
| 8 | 562 | Skansen (Kleppe) | Vegutbetring, fortau | Ferdig |
| 9 | 562 | Fromreide–Kjerrgarden | Vegutbetring, fortau | Reguleringsplan godkjent |
| 10 | 562 | Fauskanger sør | Vegutbetring, fortau | Reguleringsplan godkjent |
| 11 | | Kollektivtiltak | Uavklart | Aktuelle prosjekt prosjektert |
| 12 | | Andre tiltak | Ikkje definert | Ikkje starta |

## Andre strekningsvise prosjekt

Ei rekkje andre større fylkesvegprosjekter var under arbeid i 2016. Status for desse prosjekta er lista opp i tabellen under.

Status i andre strekningsvise prosjekt 2016

| Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2016 | Venta ferdig |
|---|---|---|---|---|
| 209 | Storskaret Arefjordpollen, Fjell | Ny veg, GS, overgangsbruer | Under bygging | 2017 |
| 158 | Grindavoll–Lepsøy, Os | Vegutbetring, GS, kollektiv | Ferdigstilling | Ferdig |
|  | Kollektivterminal, Voss | Prosjektering | På vent |  |
| 562 | Askøybrua – gjerde | Gjerde, opprusting | Under bygging | 2017 |
| 122 | Venjaneset–Strandvik | Vegutbetring, Fortau | Ferdig | Ferdig |
| 315 | Undergang Ringheimsvegen | Undergang | Ferdig | Ferdig |
| 6 | Haugalandspakken, Sveio–Buavåg, Sveio | Vegutbetring | Under bygging | 2017 |
| 567 | Hosanger sentrum | Vegutbetring | Ferdigstilling | Ferdig |
|  | Åsen–Helleskaret, Os | Ny veg | Prosjektering | 2018 |

## RASSIKRING

I 2013 fekk Hordaland fylkeskommune tilsegn om 308 mill. 2014-kr til skredsikring frå staten for perioden 2014–2017. I tillegg har Hordaland fylkeskommune løyvd eit vesentleg beløp i perioden for å sikre tilstrekkeleg finansiering til dei prioriterte rassikringsprosjekta. Det er to store prioriterte prosjekt, begge på Fv 7, Haukanesberget (Folkedalstunellen) som opna i 2015, og Lussandberget (Bjørgatunellen) som opna i 2016.

I 2016 var det justerte budsjettet 155 mill. kr til rassikring. Totalt vart det brukt 147,4 mill. kr inkl. mva. Det meste gjekk til prosjektet Fv 7 Bjørgatunellen. I tillegg til dette prosjektet starta ein arbeid på Fv 344 ved Oddaneset for å betre trafikktryggleiken med enklare løysingar.

## Bjørgatunellen

Totalt 292 mill. kr

2016 96,6 mill. kr

Prosjektet Bjørgatunellen (Lussandberget) opna for trafikk 16. november 2016. Føremålet med dette prosjektet i Granvin herad var å løyse skredproblematikken på strekninga. Totalt er strekninga 2,4 km lang. Arbeidet med Bjørgatunellen starta for to år sidan, og er ein viktig del av skredsikringsarbeidet på fylkesveg 7 i Granvin. Gjennomslaget i Lussandberget fann stad i november 2015, akkurat eit år før opningsfesten for Bjørgatunellen. Tunellen er 1,6 kilometer lang med betongportalar i begge endar. Den har moderne utstyr knytt til trafikktryggleik og kommunikasjon. Totalt reknar Statens vegvesen at arbeidet med tunellen og vegen vil kosta om lag 292 millionar kroner.




Bjørgatunellen



## Furebergfossen

Fv 551 ved Furebergfossen står øvst på behovslista over rassikringstiltak for fylkesvegar i Hordaland. Tilrådd løysing er å byggja ny bru som sikrar mot nedfall frå fossen. Reguleringsplanforslaget er ferdig. Det er komne merknader frå NVE som må utgreiast før planen kan endeleg godkjennast i 2017.

# Programområde




Rekneskapstal, programområda 2016

I Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen (2016) vart det løyvd totalt 74 mill. kr til programområda; kollektivtiltak, trafikksikringstiltak, gang- og sykkeltiltak, miljøtiltak og mindre utbetringar. I tillegg var det løyvd 31,3 mill. kr til punktutbetring og trygge skulevegar. Rekneskapstala viser at det vart nytta 119,7 mill. kr.

Nokre prosjekt er forseinka, og noko av midlane har gått utbetaling til prosjekt frå 2015. Det er og omdisponert midlar til nye tiltak når det er varsla mindreforbruk på vedtekne prosjekt.

## KOLLEKTIVTILTAK

Det vart nytta 23,9 mill. kr innanfor dette programområde til å utbetre haldeplassar, leskur, snuplassar for buss, terminalar og knutepunkt. Alle haldeplassar som har plattform, skal ha universell utforming. Tiltaka i 2016 har vore konsentrert om opprusting av terminalar og haldeplassar. Det er særskilt behova for trygge skulevegar, gjennom gode haldeplassar for skuleborn, som vert utbetra. I tillegg kjem til haldeplassar som er mykje nytta, og der det er utrygge trafikktilhøve. Eit døme på dette er etablering av haldeplass på Gullbotn for dei som tek buss til fot- og skiturar i dette friluftsområdet. Infrastrukturtiltak på kollektivsida må sjåast i samband med trafikksikringstiltaka, og eit eksempel på dette er utbetringa av haldeplassane knytt til Fossekrysset i Meland som er gjort som ein del av etableringa av ein undergang.

Det er eit stort behov for leskur på fylkesvegnettet i Hordaland. Dette behovet endrar seg gjerne i takt med ruteendringar i kollektivtrafikken og endringar i skulestrukturen, og er med det eit kontinuerleg arbeid.

Etablering av snuplass og –sløyfer har fått eit større fokus enn tidlegare. Desse er etablert i samråd med Skyss og operatørar i dei ulike rutepakkane. Tiltaka gjeld trafikktryggleik og effektivitet i drifta for operatørane. Det vart mellom anna etablert snusløyve på Årsnes ferjekai som vil gjere det enklare og tryggare for kollektivreisande.



Ny undergang og utbetring av haldeplassar i Fossekrysset, Meland kommune.

# TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

Nullvisjonen ligg til grunn for alt trafikksikringsarbeid, og det er særleg fokus på reduksjon i drepne og hardt skadde. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014–2017 er trafikksikringsarbeidet i kommunane, møteulykker utanfor tettbygde strok og mjuke trafikantar i byområde dei tre særskilte satsingsområda.

Det vart nytta 34,7 mill. kr til mindre trafikksikringstiltak for å redusere ulykker med mjuke trafikantar, utforkøyrings- og møteulukker. I tillegg vart det nytta 28,2 mill. kr til punktutbetring og trygge skulevegar, og 5 mill. kr til ulike tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

FTU har eit overordna ansvar for trafikktryggleiken i fylket, og følgjer opp satsingsområda i handlingsplanen både gjennom fysiske, trafikantretta og organisatoriske trafikksikringstiltak. I 2016 hadde FTU ei løyving på 5,2 mill. kr. over driftsbudsjettet til fylkesvegane. Av denne budsjettposten vart det løyvd 2 mill. kr. til fysiske trafikksikringstiltak gjennom FTU si tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak på kommunal og fylkeskommunal veg i kommunane. Kommunane er sjølv ansvarleg for utføringa. 15 kommunar fekk løyving til totalt 15 ulike trafikksikringstiltak. I tillegg fekk 20 ulike lokale trafikksikringsarrangement løyving om tilskotsmidlar, og fire kommunar vart tildelt midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.



Trafikksikringsfilmen «Seriøst! Ikkje køyr for fort. Ikkje køyr i rus. Berre ikkje gjer da!»
www.youtube.com/watch?v=-m4saU8DMzI

## Punktutbetring og trygge skulevegar

Fylkestinget sette av 31,3 mill. kr. til Punktutbetring og trygge skulevegar i desember 2015. Totalsummen på 31,3 mill kr vart todelt, – der størsteparten av midlane (21,2 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10,1 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga. FTU mottok 26 søknader frå totalt 17 kommunar, med ein total søknadssum på 24 mill. kr. Tolv tiltak fordelt på tolv kommunar fekk tilskot, der eit seinare vart overført til Statens vegvesen. Alle dei 11 tiltaka vart utført innan 2017 slik rammevilkåra var. For dei 29 tiltaka som Statens vegvesen fekk ansvaret for vart 24 ferdigstilt, medan tre ikkje vert bygd, eit er under prosjektering og eit er under bygging. Rekneskapstalet for desse prosjekta er på 29,5 mill. kr.

# GANG- OG SYKKELTILTAK

Det vart nytta 5,8 mill. kr til mindre gang- og sykkeltiltak i 2016. Det var eit mindreforbruk på programområdet på 10,8 mill. kr. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til tildelinga av stateleg sykkelmidlar til dei to prosjekta Fv 61 Skrivervegen på Stord og Tverråna i Svortland sentrum på Bømlo. Finansieringa var avklart seint på året og prosjekta var ikkje tilstrekkeleg planavklarte til at ein kunne starte bygging i 2016.

Prosjektering av gang- og sykkelveg på Fv 49 mellom Odland og Lidarende er ferdigstilt. Kostnadane er kostnadsrekna til 25 mill. kr, og vert med det ikkje finansierast over programområdet.



## MILJØTILTAK

Det vart nytta 5 mill. kr til mindre miljøtiltak slik som opprusting av miljøgater, rasteplassar, støydempande tiltak i 2016. I tillegg vert tiltak innanfor vatnforvaltning prioritert her.

I 2016 vart rasteplassen i Eide i Sund kommune opna. Det er kommunen gjennom Sund VA som har vore ansvarleg for bygginga, medan fylkeskommunen har gjeve tilskot til prosjektet. I tillegg starta arbeidet på rasteplassen i Holmefjord, i Samnanger kommune. Tiltak etter vatnforvaltning langs Fv 210/21 ved Angeltveitsvassdraget vart prosjektert.



Rasteplass på Vorland, Sund kommune.

## MINDRE UTBETRINGAR

Det vart nytta 20,2 mill. kr til mindre utbetringar i 2016. I stor grad er dette ulike samarbeidsprosjekt i lag med kommunane.

Det vart gjeve eit tilskot på 9,5 mill. kr til Fv 201 mellom Eide og Spildepollen i Sund. Strekningen er om lag 1,4 km. Kommunen er byggherre og fylkeskommunen skal bidra med totalt 15 mill. kr til å utvide vegen og bygge fortau, samstundes som kommunen legg VA-anlegg. I tillegg vart det gjeve eit tilskot til Sund kommune på 2 mill. kr til å legge massar frå prosjektet langs Fv 555.

I 2016 vart lysregulering av Nautnes bru i Øygarden kommune prosjektert og gjort klart til utlysing. Dei to prosjekta i Kvinnherad; Hellandskrysset Fv 48 og Krokaparsellen Fv 551, kom ikkje i gang. Hellandskrysset vart ikkje planavklart og kommunen ønskte å utsetje Krokaparsellen til heile, eller større delar av, prosjektet kan realiserast.



Kolåskrysset

# Standardhevingstiltak

Standardheving er investeringar med vedlikehaldskarakter. Bakgrunnen for denne budsjettposten er å oppgradere og fornye eksisterande fylkesvegnett. I tillegg vert oppgradering av tunellar etter Tunnelsikkerhetsforskriften prioritert. Den fylkeskommunale løyvinga var på 130 mill. kr. I tillegg kom det inn 5 mill. kr i tilskot. Det vart nytta 142,7 mill. kr.

Prioriteringane som er lagt til grunn for standardhevingstiltaka er:

- Gjennomføre dei standardhevingsprosjekta som alt er starta opp
- Trafikksikre og oppretthalde framkomsten på vegnettet
- Opprusting av tunellar med ex-kablar, lys, nødtelefon, styring, ventilasjon, PE-skum, vannsikring og rensk
- Ta att forfallet på bruer, kaier og vegkropp

## BRUER OG FERJEKAIAR

Det vart sett av vel 23 mill. kr i 2016, medan det vart nytta om lag 37 mill. kr til bruer og ferjekaier. Det vart gjort naudsynte utbetringar på Hatvik ferjekai grunna eit uhell. Det meste av kostnadane til dette arbeidet vil fylket få attende i 2017 på forsikring.

Mange av bruene og ferjekaiane på fylkesvegnettet har behov for opprusting. I 2016 vart det arbeidd med å ferdigstille utbetringar på mellom anna Bru bru og Alsåkerelva bru.

## TUNELLAR

Det var sett av vel 76,4 mill. kr til tunellar i 2016, medan det vart nytta vel 36 mill. kr. Fleire av dei tunelltiltaka som var planlagt utført i 2016 kom ikkje i gong, og fylkeskommunen har teke dette særskilt opp med Statens vegvesen. Bakgrunnen er pålegget fylkeskommunen har til å oppgradere tunellane etter Tunnelsikkerhetsforskriften. Prosjektering og godkjenning har gått mykje seinare enn føresett, og midlane vart omdisponert til andre standardhevingstiltak og programområda, og kom soleis til nytte andre stadar.

